

Sak	<b>Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering</b>
Dato utsendt på høyring	21.11.16
Høyringsfrist	9.12.16
Send høyringsinnspel til	<a href="mailto:post@hib.no">post@hib.no</a> ; <a href="mailto:postmottak@hsh.no">postmottak@hsh.no</a> ; <a href="mailto:post@hisf.no">post@hisf.no</a>
Bakgrunn for saka	<p>Avgjerd om leiing og fagleg organisering er sentralt i forminga av HVL. Delprosjektgruppa fekk i mandat å legge fram forslag til organisering av den faglege verksemda på nivå 1 og 2, samt prinsipp for nivå 3. Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og alternative løysingar. I vedlagte høyringsbrev framgår dei sentrale spørsmåla, og dei er også løfta fram som eigne punkt i dette skjemaet.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).</p>
Me ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten):	
<b>Kap 2</b>	Er premissane og inngangen tydeleg og meningsfull?
<b>Kap 3</b>	<p>Er modelltypane - profesjon vs. kunnskapsområde - tilstrekkeleg forklarte?</p> <p>Profesjon vs. kunnskapsområde på nivå 2 – kva modell vil vere best for at HVL skal nå sine mål?</p> <p>Skal HVL ha meir enn 3 fakultet?</p> <p>Bør fakulteta ha omtrent same storleik?</p> <p>Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn?</p> <p>Er disiplinfaga si rolle i HVL ivareteke med 3 fakultet?</p>
<b>Kap 4</b>	<p>Er prinsippa for nivå 3 dekkjande for å realisere fusjonsambisjonen?</p> <p>Er prinsippa for smale eller for vide?</p>
<b>Kap 5</b>	<p>Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga og ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?</p> <p>I høyringsutkastet er det foreslått funksjonsansvar til leiarane på nivå 1 – er desse område gode, har de andre forslag?</p> <p>Høyringsutkastet foreslår at det skal vere prodekanar – og skisserer ulikt ansvarsområde for desse (speile prorektor, geografisk/nærregion, støtte for dekan, etter dekanens behov) – kva er mest tenleg?</p> <p>Er prinsippa for leiing på nivå 3 tydelege nok for vidare operasjonalisering?</p>

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	Er dei råd og utval som er omtale i høyringsutkastet tenlege? Er det utval eller liknande som manglar?
Sak	<b>Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering</b>
Ansvarleg	Prosjektadministrativ organisering – Delprosjekt Leiing og fagleg organisering
Høyringsinstans (svarar)	Forskarforbundet ved HiSF

<p>Ev. prosess bak høyrings-innspelet</p>	<p>FF ved HiSF har oppmoda medlemmar på e-post om å komme med innspel. Saka vart også drøfta på styremøte 29.11.2016, og på medlemsmøte 8.12.2016.</p>
<p><b>Innspel</b> Bruk fleire sider om det trengs</p>	
<p><b>Kap 2</b></p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>FF ved HiSF vil på generelt grunnlag åtvare mot at ressursane til fagleg aktivitet (som er kjerneverksemda ved HVL) vil måtte reduserast fordi ein må bruke høvesvis meir ressursar på administrasjon og leiing enn ein det ein totalt treng i dagens tre (mindre) institusjonar. Vi rår til at ein held på eit prinsipp om at ein nyttar 30% ressursar til administrasjon og leiing, og 70% til fagleg aktivitet (slik det er ved HiSF i dag). All erfaring tilseier at administrasjonen veks eksponensielt (ikkje lineært) med aukande storleik på organisasjon. For å minimere dette, er det viktig med ei rettesnor for ressursfordeling.</p>
<p><b>Kap 3</b></p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p><b>Tal fakultet.</b> FF ved HiSF ynskjer fire fakultet. Me meiner at HVL bør organiserast i fire fakultet, ikkje tre. Ved fleire av fagmiljøa ved HiSF er det eit sterkt ynskje om å etablere eit fjerde fakultet, som meiner at dette vil være den beste ramma for fagleg utvikling og nyskaping hjå dei såkalla disiplinfga. Ønsket har særleg kome frå tilsette ved økonomimiljøa og dei samfunnsvitskaplege miljøa, men er og aktuelt for dei naturvitskaplege fagmiljøa. Aksepten for eit fjerde fakultet i fusjonsforhandlingane var avgjerande for at HiSF-styret gjekk inn for fusjon. I fusjonsplattforma står det eksplisitt at disiplinfga si rolle skal greiast særskilt ut. Me finn ikkje ei slik vurdering i rapporten om fagleg leiing og organisering, og bed om at dette vert gjort, med særleg blick på eit fjerde fakultet.</p> <p>Det har vore hevda at det er problematisk at eit fjerde fakultet vil bli mindre enn dei tre andre. Me deler ikkje dette synet. Heller ikkje med tre fakultet vil fakulteta bli jamstore - det største vil bli 50 % større enn dei to andre.</p> <p><b>Kunnskapsområdemodellen bør utgreiast.</b> Forskarforbundet ved HiSF finn organiseringa etter kunnskapsområde svært interessant. Dersom ein skal gå for ein slik modell, vil det vere tida for dette no, når me skal bygge ein ny høgskule. Me rår til å utgreie denne modellen vidare, både kva dei ulike fakulteta skal heite, og kva fagområde dei skal romme. Denne utgreiinga må samordnast med forslaga til fagleg plattform, profil og strategi.</p> <p><b>Organisering nivå 3 og understrukturar på nivå 4 på på kvart Campus.</b> Her er det viktig at ein får til ein god struktur, som tek vare på dei fagtilsette på ein god måte. I ein så stor organisasjon som HVL vert vil også institutta verte store og det er ynskjeleg at ein skal samarbeide på tvers av både institutt og fakultet. Rapporten skisserar campusovergripande institutt som ein regel. Me meiner dette er uheldig, og rår til ein viss fleksibilitet på dette punktet. Fysisk samla institutt vil redusere trongen for leiarar og administrasjon.</p>

	<p>Vidare er det viktig med <b>leiarar som kjenner dei fagtilsett ho/han skal leie</b>. Fusjonsplattforma seier at «tilsette skal ha nærleik til fagleg leiing og personalleiing». Skal ein organisere etter fag, vil ein lett kunne ha oversikt over kva den enkelte som underviser i dei ulike faga kan/ har spesialisering i, men her kan viktige koblingar opp mot dei ulike studia gå tapt. Dersom ein vel ei organisering basert på studium, kan ein misse fordelar ein vil få ved å vere organisert i eit større fagteam. Me vil derfor be dykk om å ta med dykk begge desse perspektiva i den vidare diskusjonen av understrukturar for nivå 3 og 4.</p> <p><b>Personalansvar og mynde:</b> Kommentar til organisering på nivå 3 og nivå 4. I ein organisering med institutt som går på tvers av alle nærregionane, vil ein få store einingar, og ein kan ikkje forvente at instituttleiari skal ha personalansvar for alle sine tilsette, men at personalansvaret skal delegerast til andre. Dette er forståeleg. Det vil her vere viktig at desse personane også må få delegert mynde til å gjennomføre endringar i arbeidstilhøva, t.d. på arbeidsplan til den tilsette dei har personalansvar for.</p>
<p><b>Kap 4</b></p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p>
<p><b>Kap 5</b></p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p><b>Prorektor og administrativ leiar.</b> FF ved HiSF er bekymra for at dersom ein vel løysinga med prorektor med både fagleg strategiske oppgåver og administrativ leiing i nærområda, vert det ei rolle som er vanskeleg å handtere og det kan vere fare for at prorektor jobbar mykje med administrative oppgåver og lite med strategisk arbeid. Vi rår til at ein vel ein modell der det sit leiarar med administrativ kompetanse og ansvar i toppleiinga ved kvar av nærregionane.</p> <p>Dersom ein vel å opprette prodekanstillingar, ynskjer FF ved HiSF at dei vert plassert i dei nærregionane der fakulteta ikkje har dekan, altså ei geografisk binding til kor prodekanane skal sitte. Fusjonsplattforma seier at «HVL skal ha både strategisk og administrativ leiing på fleire nivå i nærregionane».</p> <p><b>Me ynskjer ikkje fakultetsråd i HVL, men rår til at det vert oppretta fakultetsstyre.</b> I HiSF oppretta ein avdelingsråd då ein gjekk frå delt til einskapleg leiing i 2003, og erfaringane er udelt negative. Desse råda hadde ikkje noko klart mandat, og det resulterte i at dei sjølv-døydde etter nokon år. Fakultetsstyre er den beste måten å sikre medbestemming og at kjerna i HVL, dei aktive fagmiljøa, vert høyrd. UH-lova gjev opning for å ha styre på lågare organisasjonsnivå. Styremedlemmane må representere dei ulike nærregionane.</p> <p>HVL skal vere ein fleircampus-høgskule og fusjonsplattforma seier at ein skal " vidareutvikle studiestadane slik at regionrolla vert teken betre vare på enn i dag". For å få til dette må ein ha god kompetanse ved alle nærregionar og campus. FF</p>

## Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	ved HiSF meiner derfor at desentralisering av leiarar med mynde bør vere eit prinsipp då dette vil styrkje både HVL og dei ulike campusane, samt at det tek vare på måla frå fusjonsplattforma.
Andre merknader	<ul style="list-style-type: none"><li>•</li></ul>
	<ul style="list-style-type: none"><li>•</li></ul>

HØYRINGSINNSPEL